

*Oppdatert d. Pedersen 28.03.2022
Gjeldende etter reguleringsendring 04.02.2000 (Utvær for Miljø og
Teknisk)*

REGULERINGSREGLAR FOR REGULERINGSPLAN FOR BORGASANDEN (Gjeve med heimel i Plan- og bygningslova § 26)

Mål med reguleringsplanen

Reguleringsplanen skal sikre verneverdiar i det verna vassdraget Bøvre, samstundes som ein skal forebyggje flaumskader og legge til rette for kommersiell utnytting av masseførekomstar i vassdraget. Det er vidare eit mål at masseuttak over tid skal vere i balanse med dei mengdene vassdraget fører med seg.

Reguleringsføremål

Området vert regulert til følgjande reguleringsføremål:

1. Spesialområdet naturvern, vassdrag (Snv) (Plan- og bygningslova §25, pkt 6).
2. Fareområde, flaum (Fl) (Plan- og bygningslova §25, pkt 5).
3. Fareområde, høgspent (Fh) (Plan- og bygningslova §25, pkt 5).
4. Offentleg trafikkområde (OT) (Plan- og bygningslova §25 pkt 3).
5. Spesialområde masseuttak (Sm) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).
6. Spesialområde privat veg (Spv) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).
7. Spesialområde, flaumverk (Sf) (Plan- og bygningslova § 25, pkt 6).

Reglar knyta til dei ulike arealbruksføremåla

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den gread det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jfr lov om kulturminne § 8.

Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

Spesialområde naturvern, vassdrag (Snv)

1. Området ligg i Bøvra, og omfatter delar med heilårs vassføring og årvisse flaumvassføring, samt tilvokse elveøyrer.
2. Naturverninteressene i området er knytte til fluvialgeomorfologiske forhold, og biologiske forhold i strandsona og på elveøyrene.
3. Innafor områda skal det ikkje skje massuttak utan etter § 9 i Lov om vassdragene.
Eventuelle uttak skal skje i samråd med NVE.
4. Miljøvernstyresmaktene skal høyrast om uttak etter § 9, jf innlandsfiskelova.

Landbruk (L)

Områda skal bli drive etter reglane i jord- og skoglova.

Fareområde, flaum (Fl)

1. Områda omfatter lågareliggende jord- og skogbruksområde.
2. Områda skal bli drive etter reglane i jord- og skoglova, men det er forbod mot oppføring av bygningar eller anlegg.

Fareområde, høgspent (Fh)

Området gjeld høgspentlinjer med tryggingsone. Innafor området er det forbod mot byggje- og anleggstiltak.

Offentleg trafikkområde (OT)

1. Området er rv 55 og fylkesveg 467. Byggjegrønse mot vegen er 50 meter på kvar side.
2. *Avkørsler fra riksveg 55 og fylkesveg 467 skal opparbeidast og haldast ved like i tråd med vegnormalane for Statens vegvesen og føreseggnene til §43 i veglova. Friskta i avkørsler skal vere 4x120 meter."*

Spesialområde masseuttak (Sm1)

Området ligg i Bøvre. Innafor området kan det takast ut masse ned til eit nivå på kote 472 (m.o.h). Grunneigar må syte for at det kvart år vert nivellert opp profil lengde- og tverrprofil som dokumenterer nivået på uttaksområdet. Kopi av profila skal oversendast NVE og Lom kommune. Innafor området skal det berre skje mellombels lagring av uttekne massar.

Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meter Oppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområde bli gjort 100 m oppstraums og nedstraums for dette. Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 m, og 50 meter oppstraums og nedstraums uttaksområdet. Uttak skal berre skje på låge vasstandar. Mellombels lagra massar skal vere fjerna kvar vår etter grusuttak. Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven. Utilsikta endringar i vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling."

Spesialområde masseuttak (Sm2)

Område for lagring og produksjon av grus.

"Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Når masselageret er avslutta, skal området attendeførast til jordbruk. Mot fv 467 skal det etablerast ein voll av materiale frå den omdisponerte dyrka marka og vegetasjon med rot og torv frå kantsone mot groft sør for området. Vollen skal skjerme mot innsyn frå fv 467. Maksimal lagringshøgd er sett til 4 m over bakkenivå, målt ved voll mot fv 467".

Spesialområde, flaumverk(Sf)

Anlegget er ein del av flaumsikringstiltak langs Bøvre. Vedlikehald skjer etter avtale mellom NVE og Lom kommune.

Spesialområde privat veg (Spv)

Vegen skal gje tilkomst til området for masseuttak.